



KONTROLLUTVALET

MØTEBOK - PROTOKOLL

Utval/styre råd:	Møtedato:	Innkalling av:	Møtestad:
Kontrollutvalet i Sel kommune	14. juni 2018	6. juni 2018	Sel rådhus

Til stede på møtet:

Av i alt 5 medlemmer var 5 faste medlemmer til stades.

Controller Per Helge Ramen

Revisor Reidun Grefsrud og Kari Robbestad

Sekretær i SKNG førte møteboka.

Møtet varte fra kl. 1000 til 1400.

Underskrifter:


Vi stadfester at det som er ført på sak 10 - 17/18 er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.


Maj-Britt Svastuen


Arne Jørgen Rønningen


Ola Stormyren


Kari Skjåk


Bjørn Vadet

Utskrifter:

Protokoll fra kontrollutvalsmøtet går til:

- Medlemmene av kontrollutvalet og varamedlemmer.
- Sel kommune – administrasjonssjef og ordfører
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse

MØTEINNKALLING/SAKLISTE/PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE

Kontrollutvalet presiserer at dei ynskjer å få tilsendt rutinane Lillehammer kommune har i samband med planlegging og styring av byggeprosjekt i tidleg fase.



KONTROLLUTVALGET I SEL

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 14. juni 2018	Saksnr: 10/2018
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

RAPPORT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET –

Vedlegg (eigen fil):

- FR-rapporten «Selvkost og oppfølging av vedlikehold/investeringsbehov»

Saksframlegg:

Kommunelovens § 77 nr. 4 lyder:

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).

Utgangspunktet for forvaltningsrevisjonsprosjekt er den planen som er vedteken for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret i Sel vedtok planen for perioden 2017 - 2021 den 8.05.2017, k-styresak 23/17. Plan for forvaltningsrevisjon bygger på ein overordna analyse der formålet er å få fram relevant informasjon om tjenesteområda, slik at det er mogleg for kontrollutvalget å prioritere arbeidet med forvaltningsrevisjon. Den overordna analysen bygger på ein risiko- og vesentlighetsvurdering der risiko innenfor alle tjenesteområdene blir vurdert.

Kontrollutvalget har i sak 16/17 den 22.5.2017 bestilt en forvaltningsrevisjon om sjølvkost kommunale avgifter. Prosjektet har følgende problemstillinger:

- 1) Har Sel kommune rutinar og berekningar for sikring av sjølvkost og fakturering av tenestene?
- 2) Har Sel kommune ein vedlikehaldsplan og investeringsplan som ivaretek framtidige behov?

Revisor konkluderer med at Sel kommune i hovudsak har tilfredsstillande system og rutinar som sikrar sjølvkostberekninga. Planverket sikrar vedlikehalds- og investeringsbehovet. Som forbetring av formell handsaming, anbefaler revisor fylgjande:

- Som en forutsetning for å fremføre underskudd i regnskapet bør Sel kommune fatte et kommunestyrevedtak der det går klart fram at det skal være full kostnadsdekning på selvkosttjenestene vann- og avløp og feiing.
- For å gi kommunestyret et bedre beslutningsgrunnlag bør det vurderes om selve budsjettkalkylen skal følge saken til kommunestyret.

Rådmannen skriv i uttalelsen til rapporten at anbefalingane vil bli oppfylgde.

På grunnlag av dette, meiner sekretær at intensjonane med rapporten er oppfylte og har dette forslaget til kontrollutvalet:

Forslag til innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapporten til orientering.

Handsaming:

Innlandet Revisjon IKS orienterte om arbeidet og revisjonsrapporten. Kontrollutvalet er tilfreds med at rapporten viser at Sel kommune har utarbeidd gode rutiner m.h.t. sjølvkostberekninga. Kontrollutvalet ser det som positivt at rådmannen følger opp anbefalingane.

Innstilling til kommunestyret:

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapporten til orientering.
2. Kommunestyret ber rådmannen legge fram eigen sak til vedtak, der det går fram at det skal vera full kostnadsdekning på sjølvkosttenestene vann- og avløp og feiing.
3. Kommunestyret ber rådmannen legge fram budsjettkalkylen i gebyrsaken til kommunestyret.



KONTROLLUTVALGET I SEL

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 14. juni 2018	Saksnr: 11/18
		Saksbehandler: Morten Sørhage

INNLANDET REVISJON IKS – AVSLUTNINGSBREV REGNSKAPSREVISJON 2017

Vedlegg:

Brev fra Innlandet Revisjon IKS til Sel kommune

Innlandet Revisjon IKS har i brev av 31. mai 2018 oppsummert arbeidet med årsregnskap 2017. Følgende punkter er kommentert:

- Avleggelse av årsregnskapet
- Kommunal regnskapsstandard
- Attestasjoner
- Pensjon
- Noter og årsberetningen

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalget tek informasjonen til orientering

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom informasjonen.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering og meiner at det er viktig at merknadene blir gjennomgått og oppfylgde i samband med rekneskapen 2018.



KONTROLLUTVALGET I SEL

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 14. juni 2018	Saksnr: 12/2018
		Saksbehandler: Morten Sørhage

INNLANDET REVISJON IKS – RAPPORT 1. TERTIAL 2018

Vedlegg:

Tertialrapport 1/2018

Innlandet Revisjon IKS rapporterer etter oppdragsavtalen pr. tertial. Vedlagt oppstilling viser ressursbruken pr. 30/4 – 18, samt prognose for året 2018.

Som oppstillinga viser, blir Sel, som ei kommune i Nord-Gudbrandsdal, tilleggsfakturert for å opparbeide tilstrekkelege midlar til pensjonsfond.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport 1/2018 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet drøfta saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport 1/2018 til orientering.



KONTROLLUTVALGET I SEL

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 14. juni 2018	Saksnr: 13/2018
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

Vedlegg (eigen fil):
Årsrapport 2017

ORIENTERING OM EIDEFOSS AS

Etter kommunelovas § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet påsjå at det blir ført kontroll med interessene kommuna har i selskap m.m. I samheng med dette blir innkalling og referat frå styremøte oversendt frå selskapet. Kommunene Lesja, Dovre, Lom, Vågå og Sel har kvar 20 % aksjeandel i Eidefoss AS. Som ein avgrensa selskapskontroll blir kommunikasjonen samla og referert.

- Styrereferat og informasjonsmøte – J.nr. 60/17
- Styremøteinnkalling og referat – J.nr. 257/17

Selskapet orienterte 19. oktober 2017 i fellesmøte for kontrollutvala i eigarkommunane om utbyggingsprosessen av Otta-vassdraget, samt økonomiske vurderingar i prosessen, konsekvensar og utsikter framover.

Årsrapporten 2017 ligg ved saksinnkallinga som eigen fil. Årsrekneskapen er revidert av Ernst & Young AS ved statsautorisert revisor Rune J. Baukhol. Revisor konkluderer at alle tilhøve omkring årsmeldinga og årsrekneskapen er i samsvar med lov og reglar som gjeld.

Selskapet eig 100 % av aksjene i Otta Biovarme AS og fører difor konsernrekneskap. Konsernet har etter skatt eit årsresultat på kr. 53 293 000. Overskotet i morselskapet utgjer kr. 53 140 000. Utbytte til eigarkommunane utgjer kr. 10 884 000.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentarar til orienteringa.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



KONTROLLUTVALGET I SEL

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 14. juni 2018	Saksnr: 14/2018
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

Vedlegg:

- Styreprotokoll (legges fram på møtet)

STYREMØTE SKNG

Styret i SKNG er samansett av leiarane i kontrollutvala i 6K. I styremøtet 15. mai 2018 handsama styret desse sakene:

- Årleg lønsjustering sekretær
- Arbeidsmøte, der ein i hovudsak drøfta tema for fellesmøte hausten 2018
- Høyringsuttale om sekretariatsfunksjonen

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek protokollen til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek protokollen til orientering.



KONTROLLUTVALGET I SEL

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 14. juni 2018	Saksnr: 15/2018
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

STATUS TILSYNSRAPPORTAR

Vedlegg:

Statusrapport

Sekretær sendte i mail 18. desember påminning om kontrollutvalgets ønske om tilsynsrapporter fra statlige organ, fylkesmannen etc. Statusrapport med oppfølging av tilsyn ble mottatt 5. februar 2018. Følgende tilsyn er omfattet av oversikten:

- Fylkesmannen - systemrevisjon hjemmetjenesten
- Arbeidstilsynet – tilsyn med HMS
- Fylkesmannen – tilsyn med elevenes utbytte

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalget tar informasjonen til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet gikk gjennom rapporten og drøfta forskjellige tilhøve.

Vedtak:

Kontrollutvalget tar informasjonen til orientering.



KONTROLLUTVALGET I SEL

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Sel kommune	Møtedato: 14. juni 2018	Saksnr: 16/2018
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

ARBEIDSMØTE

Vedlegg:

Årsplan 2018

Skjema saker 2018

Kontrollutvalet går gjennom møteoversikta 2018 og fastset møteplan for hausten 2018. I samanhengen har styret i SKNG lagt opp til fellesmøte 19. september 2018 med desse orienteringane:

- Fylkesmannen orienterer om beredskapsarbeid i kommunane
- Oppland fylkeskommune orienterer om ny region Innlandet
- Nord-Gudbrandsdal Regionråd orienterer om verksemda
- Sekretær i SKNG orienterer om revisors uavhengigheit

I veke 44 er det planlagt eit fellesmøte med orienteringar om tenesteyting helse:

- NGLMS orienterer om verksemda og tenesteytinga
- Repr. frå ein sentral helsemyndigheit orienterer om lovkrav etter helse- og omsorgsloven

Innlandet Revisjon IKS legg fram forvaltningsrevisjonsrapport på møtet 14.6.18. Det skal gjennomførast ein forvaltningsrevisjon i året, slik at ei viktig sak til hausten blir å utarbeide bestilling av nytt prosjekt for 2019.

Utover bestillinga er det ynskjeleg at utvalet drøftar forslag til saker dei vil ha på sakskartet, når det gjeld Sel kommune. Det kan gje grunnlag for orienteringar i utvalet.

Handsaming:

Kontrollutvalget ynskjer ei orientering frå verksemdsleiar ved Otta ungdomsskole og Læringssenteret om korleis det fungerer å leie to «store» verksemdar. I tillegg ynskjer utvalet orientering om standpunktkarakterar og eksamensresultat frå avgangskullet V18.

I tillegg vil det være naturleg med orientering rundt redusert budsjett, rapportert overforbruk, bemanningssituasjon og andre forhold ved Otta ungdomsskole.

Til fellesmøtet i veke 44 ynskjer kontrollutvalet å få med Innlandet Revisjon IKS for felles informasjon om forvaltningsrevisjonsprosjekta i Nord-Gudbrandsdalen.

Neste møte til hausten blir planlagt til 13. september. Kontrollutvalet ynskjer informasjon frå administrasjonen om sakene:

Byggesakshandsaming
Regionsenterprosjektet på Otta.
(protokollført under open post 26.4.18)

Kontrollutvalet startar arbeidet med problemstillingar til neste forvaltningsrevisjonsprosjekt. Utvalet vil prioritere problemstillingar som gjeld trivsel i skulen i Sel kommune.



KONTROLLUTVALGET I SEL

MØTEBOK

Kontrollutvalget		Møtedato: 14. juni 2018	Saksnr: 17/2018
		Saksbehandler: Morten Sørhage	

ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

I sak nr. 09/2018 protokollførde kontrollutvalet fylgjande:

Administrasjonen vert innkalla for å orientere om bl.a.:

- *1. tertialrapport 2018. I samanhengen ber kontrollutvalet om samanlikningstal 6K etter kostra-rapportering.*

Etter nærare avtale stiller administrasjonen for å gjera greie for sakene.

Handsaming:

Controller Per Helge Ramen orienterte om økonomisk 1. tertialrapport 2018 og svara på spørsmål frå kontrollutvalet.